

refleks

Menighetsblad for Søreide kirke 3-16. Årgang 44
Med artikler og reportasjer fra hele Fana prosti



Ti år med **FESTSPILL!**

Jubilate (bildet) var blant aktørene på det tiende Festspill på Søreide. Side 2-3



Om å gå inn i ei kyrkje

Korleis er det å gå inn i ei kyrkje? Rommet er annleis enn alle andre rom ein går inn i. Ein merkar det kanskje tydelegast når ein er ute og reiser og kjem inn i ein av dei store katedralane i Europa.

TEKST: Gunnar Mindestrømmen

Sinnstilstanden blir liksom litt annleis. Ein blir stillare og ein ser på vakre glasmaleri, bilete og figurar som minner oss om personar og hendingar frå bibelsoga eller kyrkjesoga. Ein kan få ei kjensle av at ein høyrer til i ein lang historisk samanheng med dei menneska som har tråkka på desse steinane fram gjennom hundreåra.

Den tyske teologen Manfred Josutti skildrar møtet med kyrkjerommet som om ein går inn i ei heilag sone. Ein stad der det evige og forgjengelege møtes. Søreide kyrkje er ingen katedral slik som dei store steinbygningane i Europa elles. Kyrkja er utforma med eit enkelt og gjennomført uttrykk der naturmateriala kjem til sin rett. Kyrkjerommet har eit varmt, fint og heilagt uttrykk som også kan stemme sinnet til ettertanke og ro. Men samstundes er rommet innreia og konstruert med tanke på å kome saman i eit fellesskap rundt nattverdsbordet.

Kyrkjerommet er sentrert rundt alter og altersmykke der det også er størst takhøg. Gjennom liturgien vi nyttar og

lysa vi tenner på alteret freistar ein å skape det heilage rommet som Josutti skildrar så tydeleg. Det er mange sider med kyrkje-rommet vårt på Søreide som vitnar til oss om høgtid.

Før ei gudsteneste tek til, ser ein at dei som kjem, har ulike tankar om dette. Nokre er glade og begeistra for å sjå kvarandre igjen, medan andre freistar å falle til ro for å finne sin plass og den indre merksemda i møtet med det heilage. Neste gong ein kjem inn i dette heilage rommet kan ein kanskje vere stille og lyttande til kva rommet vil fortelje oss om vårt møte med det heilage.

I Bibelen er det mange stader skildringar av korleis Jesus trekte seg tilbake frå folkemengda for å vere stille for Gud. Mange stader i det gamle testamentet er også dette skildra som ein god måte å nærme seg det heilage på. Slik som vi til dømes les det i Klagesongane kap.3.v 25-26:

25 Herren er god mot dei som ventar på han og søker han.

26 Det er godt å vera stille og venta på hjelp frå Herren.

Nytt tilbud til voks

I siste nummer av Refleks i 2015 hadde vi en artikkel om Bergen Y's Men's Club.

TEKST: Roald Sæterdal

Dette er en klubb for voksne KFUMere og er del av en verdensomspennende organisasjon. I artikkelen ønsket en å presentere klubben med sikte på å få flere medlemmer. Klubben er nå i sitt 56. år. Dette blir også klubbens siste. Grunnet manglende tilførsel av nye medlemmer og høy medlemsalder, har vi besluttet å legge ned virksomheten ved utgangen av juni i år. Klubben har hatt flere medlemmer knyttet til Søreide menighet. Vi ser derfor nedlegg-

Nystemt, h

Med specialskriven Søreide-fanfare for ti blåsestemmer, fekk det tiande Festspill på Søreide ei flott opning!

TEKST: Eli-Johanne Rønnekleiv

FOTO: Geir Endre Kristoffersen

Iden hadde komponisten Christian Holter inkludert små sitat frå «Nystemten» og frå salmen «Store Gud, vi lover deg». Generasjonsensemblen gjorde synleg at her lokalt finst mange flinke blåsarar.

Ola Berg Riser er godt i gang med slagverksstudiar ved Griegakademiet – til Søreide kirke hadde han med seg ei skarp-tromme som han fekk mykje musikk ut av. Beint fram fascinerande!

Mannskoret Stram gav oss «Nystemten» med høgtid og innleving – og seinare i konserten rytmikk og romantikk mens Sølvi Damm leia konserten på inspirert og personleg vis. I år hadde ho ei overrasking til oss alle i form av festspelutstillar Odd-Jan



ØRNSLUND • BIRNES • FANA • SKJOLD • SLETTEBAKKEN • STØRETVET • SØREIDE
Menighetsbladene i Fana

Refleks

Utgis av menighetsrådet i samarbeid med BKF og de andre menighetene i Fana. Bladet er et informasjonsorgan som sendes alle hjem i menigheten og regnes ikke som uadressert reklame.

Levering av stoff:

Leveres menighetskontoret eller sendes soreide.menighet@bergen.kirken.no

Lokalredaksjon:

Lokalredaksjon: Staben i menigheten. Kontaktinformasjon: Se side 24

Annonser:

Frode Høyte - hoeyte@gmail.com

Sentralredaksjon:

Redaktør Magne Fonn Hafskor
922 94 877 - eyecu@online.no
Kun henvendelser ang. «fellesstoff» side 5-20. All annen kontakt: Se lokalredaksjon

Grafisk produksjon:

Dragefjell Media AS
55 23 25 47 - post@dragefjell.no

Trykk:

Bodoni, Straume

Deadline neste nummer:

Kontakt lokalredaksjonen

Utgivelsesdag neste nummer:

Tirsdag 13. september




ne: ÅPEN KIRKE

elsen som et brudd med gode samvær og givende innhold. Møtene som har vært utviklet i Storetveit menighetshus en tirsdag hver måned har vært noe å se fram til. Nå er det imidlertid slutt. Dette har vi ønsket å gjøre noe med. I samarbeid med menighetsrådet i Søreide, har vi fått anledning til å møtes en tirsdag i måneden, men da under en helt annen forutsetning. Vi ønsker å starte opp en form for ÅPEN KIRKE. Det er ikke lenger snakk om en klubb. Det skal være åpent for alle – både tidligere medlemmer og ellers voksne kvinner og menn. Man skal kunne komme sammen den siste tirsdagen i måneden i tiden kl. 19 til 21. Det er ikke fastlagt noe program for samværet.

I det første møtet som er planlagt til 30. august 2016 kl. 19.00, tar vi sikte på en åpen diskusjon om emner som deltakerne selv bringer fram. Noe en kan ha lest i en avis, hørt i et program, tanker man måtte gnage på osv., eller emner hvor en trekker inn personer utenfra. Vi ønsker å skape en ÅPEN KIRKE for alle interesserte.

Denne lille epistelen er ment som en introduksjon. Tiden får vise om dette har noe for seg. Vi tror imidlertid at mange vil kunne ønske seg et slikt samvær. Veien blir til mens man går, sies det. Dette er også hensikten med dette tiltaket. Selvsagt vil tekstlesing, sang og en andakt være et kjernepunkt i samværet.



Hiv deg på! Vær med å skape noe nytt i Søreide menighet:

- 30. august • 27. september
- 25. oktober • 29. november.

Kom allerede første møtedagen, og du vil naturlig nok delta i utforming av tiltaket. ●

øgstemt og stemningsfullt



Nokre av aktørane på årets Festspill på Søreide: Sola Fide (stort bilete), frå venstre: Astrid Berg, modell av Stavernsnekke, Sølvi Damm, Christian Holter, Ivar Mæland og Pia-Camilla Tømmernes.

Møen-Stalheim som hadde bygd ein stor modell av ei Stavernsnekke.

Årets unge solistar i tillegg til Ola Berg Riser var fiolinist Anna Sofie Naurstad og songar Astrid Berg, som begge hadde

vakre, klassiske bidrag. Dei vaksne solistane Rikke Bergflødt-Kvamme song saman med mann Øyvind og bror Christian, Pia-Camilla Tømmernes framførte eigen komposisjon på sakso-

fon og Ivar Mæland leika med orgelet i variasjonar over «Nystemten».

Sola Fide og Jubilate har vore med alle ti åra og fekk ein ekstra takk for innsatsen! ●

Jan og Jenny



Livet er mer
TROSOPPLÆRING I SØREIDE KIRKE

Oppstart til høsten:

- Café 19.26.08.
- Søndagsskolen 28.08.
- Babysang 01.09.
- Familiekoret 05.09.
- Småbarnstreff 05.09.



Jan og Jennys kryssord

For ikke lenge siden feiret vi Norges bursdag, som er 17. mai. Men vi har også feiret kirkens bursdag.

Løs kryssordet, og finn ut hva vi kaller denne høytiden!

Løsning finner du på baksiden!

Sommerleir på Wallemtunet

Leir er spennende! Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer, fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbspillkamper og mye annen moro!



På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen. Wallemtunet ligger i flotte naturomgiv-

elser på Kvamskogen og leirene er et av årets store høydepunkter.

• 7-10 år: fredag 24. til søndag 26. juni.
Pris: 400,-

• 11-14 år: mandag 27. til torsdag 30. juni . Pris: 600,-

Arrangører er Søndags-skolen Bergen krets og Acta (barn og unge i Normisjon) Hordaland.

Påmelding på e-post til bergen@sondagsskolen.no eller telefon 907 72 703.

Så sees vi i sommer? Med vennlig hilsen Thomas Hammer, Acta ●

Då dua fekk kvite brystfjør

Ho sat der og småkurra i ljosken frå det brennande bålet. Det var stjerneklårt og stille. Gjetarane let augo kvile i synet av varmen frå elden, medan saueflokken orta der dei låg etter dagens vandring.

TEKST: Harald Myklebust

Brått lyser det opp, og dua flyg opp og finn seg omkransa av syngande himmelånder som jublar ut: «*Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i*». Orda og songen brende seg inn i hjarta hennar: FRED på jorda! Var det ikkje det som var og er så vanskeleg for menneskeborna å få til?

Men kvar var det gjetarane gjekk, var det ikkje til stallen med takskjegget ho brukte å varme seg innunder når det var kaldt? Og der, der strålar det mot henne frå eit nor sveipt og liggjande i ei høykrubba, akkurat same strålekransen som skein frå dei syngande himmelåndene. Kva for eit barn kan dette vere?

Elva renn så stille i soldisen. På elvebreidda står ein mann i kamelkappa si og spør om kven som vil stige ut i elva for å gjere opp for ugierningane sine. Var det det som måtte til for å skape fred mellom menneska? Dua kurrar på nytt der ho sit og steller fjørene sine etter ein dukkert i elva. Og sjå, der stig ein mann ut i elva, med ei utstråling lik den ho hadde opplevd frå barnet i krubba i stallen for lenge sidan, og var det ikkje song frå himmelåndene att, og ei klår røyst talande: «*Du er Son min, som eg elsker, i deg har eg mi glede*».

Den vesle dua skjønar ikkje kva som skjer, men kjenner ein uimotståeleg

trong til å sjå nærare på denne mannen. Ho svingar seg rundt og nærmar seg han, og merkar ikkje at til nærare ho kjem Han, vert brystfjørene hennar kvitare og kvitare. Og røysta seier: «*Den du ser Anden dalar ned mot og vert verande over, han er Son min*». Anden, men det var eg som dala ned over han.

Desse orda om nåde, glede og fred mellom alle folka, det skal alle vi duene bere med oss over heile jorda.

Og kva har hendt med meg? Eg kjenner meg ikkje att, eg må berre stige høgara og høgare opp, og vidare fram, til tempelbyen med invasjon av menneske frå mange kantar av landet til påskefest med god mat og prat, song og fest og jubel. For kven kjem ridande til dei med den umiskjennelege stråleglansen? Jau, Han frå stallen, frå elva, her omkransa av hyllingsropet «*Hosianna*»! Dua lyfte seg og fauk av stad til hagen for å fortelje dei andre at Han som var omkransa av himmelåndene no var i byen.

Myrkre har sige på. Duene vert vekte av ein flokk lovsyngande menn. Men så vert det stille. Der vert dei vitne til at Han kastar seg ned i hulkegråt - aleine, nei, sjå der: Ein engel knelar ned ved

sida av han. Dei held pusten, for nett i det same, i fakkellyset, ser dei soldatar tek og bind han, og fører han med seg til borga, der ein høyrer piskeslag og ser blodet renn frå panna Hans, med ei klungerkrune.

Var den ikkje henta frå rosetreet dei brukte å kvile i? Kva skulle det vere til? Og der ser dua at Han vert spikra på eit tre, lyfta opp, høgt over alle, spytt på og gjennombora av eit spyd. Og brått ristar jorda, dei flyg opp og svingar seg over Han, der han heng, einsam og forleten.

Det er i grålysinga. Folket søv. Sola er i ferd med å stige over åskanten. Duene steller fjørene sine som aldri før har vore kvitare. Og raudstrupa fortel at han hadde prøvt å få bort ein torn frå klungerkruna på Han som hang der, og var blitt tilgrisa av blodsdråpane han hadde fått på seg. Den blodraude fargen greidde han ikkje å vaska av seg. Kva kan dette vere for ein mann?

Så, i eit mektig lys som på marka for lenge sidan, høyrer dua at steinen vert velta frå grava medan vaktmennene stupar til jorda. Dua flyg opp og fyk ned for å setje seg på steinen, og ser: Grava er tom! Ikkje lenge etter ser ho kvinner, og så menn som kjem springande for å sjå kva som har hendt.

Og er det ikkje engelen som dua hadde møtt for lenge sidan, som fortel at Han



KVITE DUER: «Som i eitt no lyftar duene seg, og saman med underlege lysglimt av eldtunger og susen frå mange tungemål, får dei svinge over dei mange som ber om tilgjeving og fred og som kastar seg rundt kvarandre i song og glede som om det vonde var borte».

FOTO: PERETZ PARTENSKY/CC

har stått opp og vil møte dei ein annan stad? Men stopp litt, der kjem ei kvinne som spør kvar Han har lagt den avlidne, som berre med eit ord, «Maria» får henne til å stråle opp. Ho spring av stad for å fortelje at ho har møtt Han!

Underet har skjedd. Dei 11 og mange andre har fått sjå Han og møtt Han, og teke farvel med Han. Det såg og hørde dua på fjellet, og er no vitne til at desse feige mennene som svikta Han då det gjaldt, står fram med song og glede og vitnar. Kva har skjedd? Han som kom og tala om fred, fekk dei til å fortelje folket (som hadde teke livet av Han) at Han var oppstaden og ville dei skulle fortelje om Nâden til alle menneskja, som Han elska med ein evig kjærleik.

Det er spenning i lufta att. Desse som hadde vandra saman med Han, og som rømde frå han, får folket til å høyre at Han vil syne seg att for dei. Og kva skjer? Dua kallar på dei hine duene. Kanskje kjem himmelândene att? Ho hadde fått for seg at når Han - på sin

nye måte - skulle «vise seg», så skulle dei få høyre: «Vend om og lat dykk døype bort frå alt det vonde de gjer, og ta imot min fred, den fred som berre eg ved Den Heilage Ande kan gi dykk».

Som i eitt no lyftar duene seg, og saman med underlege lysglimt av eldtunger og susen frå mange tungemål, får dei svinge over dei mange som ber om tilgjeving og fred og som kastar seg rundt kvarandre i song og glede som om det vonde var borte. Duene kurrar seg imellom: Desse orda om nåde, glede og fred mellom alle folka, det skal alle vi duene bere med oss over heile jorda.

Og stadig fleire har slutta seg til, etter som den store himmelânda: Heilaganden, med duene spreidde seg for alle vindar, med sine kvite fjørar, i all sin reinleik og med grøne spirar frå hagen er Han, Menneskesonen, braut dødskreftene, for ved Anden å gi oss sin fred. ●



FOTO: KIRKEN.NO

Ny film om dåp

«Aksjon dåp» har laga ein film om dåp, kalla «Himmel over livet». Filmen kan nyttast fritt av alle, og er eit ledd i Sandnes kyrkjelege fellesråds Aksjon dåp.

Filmen er tilgjengeleg i både kort og lang versjon, og den blei vist på kino i Stavanger og Sandnes før jul. Himmel over livet kan lastas ned frå Vimeo og Youtube, og den ligg på Facebook-sida til Aksjon dåp. Og dette er altså heilt gratis, og kan nyttast både utanfor og innanfor kyrkja.

Bak Aksjon dåp står 66 kyrkjelydar og fellesråd i regionen, saman med Stavanger bispedømme. Kontaktperson: kyrkjevevje Andreas E. Eidsaa jr. - epost: andreas.eidsaa@sandnes.kirken.no

Merkedager verdt å merke seg

Nedenfor er noen av de globale merkedagene menigheter i Den norske kirke oppfordres til å markere.

Det vil legges ut ressurser som kan tas i bruk i gudstjenester, barne- og ungdomsarbeid og kulturkvelder. Menighetene utfordres til å markere minst en av disse merkedagene i løpet av høsten 2016:

- **Skaperverkets dag** (dato er valgfri, men kan for eksempel knyttes til høsttakkefest): Hva med å gjenta fjorårets suksess og arrangere en klimapilegrimsvandring? Temaet vil være en videreføring av Klimapilegrim-konseptet. Mer informasjon: gronnkirke.no
- **Kirkeuka for fred i Palestina og Israel** (18.-25. september): Årlig internasjonal fredsuke initiert av Kirkenes verdensråd. Få besøk av en ledsager, lag en temagudstjeneste eller dialogveld. Nettside: kirkeukaforfred.no
- **Global uke** (13.-20. november): Årlig økumenisk markering, hvor kirkene løfter fram en global utfordring sammen og samtidig. Tema i 2016 og 2017 vil være «Moderne slaveri». Nettside: globaluke.no

• **Menneskerettighetssøndagen** (4. desember). Temaet vil handle om vold i nære relasjoner som en lokal og global utfordring. 20-års jubileet for Kirkelig ressursenter mot vold og overgrep markeres. Mer informasjon: kirken.no/ressurs


Husk at det er mulig å søke om midler til markering av disse merkedagene. Følg med på www.kirken.no/ressurs for oppdateringer, eller ta kontakt med Janne Dale Hauger ved spørsmål.

EN NY SANG OM EN gammel fort

I boken «Dette forandrer alt» ser Naomi Klein på sammenhengen mellom de rådende politiske ideologier og den raske økningen i de globale klimagassutslippene.

TEKST: Sindre Skeie FOTO: Erlend Berge og Magne Fonn Hafskor

SKAPERVERKET OG OSS: «Vi trenger en ny fortelling om hvem vi er og hva slags verden vi lever i. Og den kan kirken være med og skape» skriver Sindre Skeie.



Noe av det mest interessante i boken er hva Naomi Klein kritiserer sterkest av alt. Det er nemlig en fortelling, en fortelling som inspirerte meg til å skrive en ny sang. Kleins utgangspunkt er at vi mennesker alltid bærer med oss en grunnleggende fortelling som definerer hvem vi er og hva slags verden vi lever i. Og hvilken fortelling har dominert verden de siste ti-årene? Jo, det er fortellingen om at det er økonomisk vekst som driver verden

fremover, og at mange vil lide dersom veksten stanser.

Rå kapitalisme

For å opprettholde veksten, må alltid hensynet til lønnsomhet veie tyngst, og dermed flyttes all produksjon dit hvor den koster minst, det vil si der hvor fagforeningene står svakest og miljøkravene er lavest. Kritikken er ikke ny. Men for kirken er det interessant å se hvor stor makt Naomi Klein tillegger denne

elling

PREST OG SALMEDIKTER: Sindre Skeie er prest, og hadde tidligere tjeneste i Skjold menighet. Nå bor han i Ås, og jobber som kommunikasjonsjef ved Stiftelsen Diakonhjemmet i Oslo. I likhet med faren, Eyvind Skeie, skriver han også salmer.




grunnfortellingen. For det betyr at den også kan utfordres av andre, bedre og sannere fortellinger. Fortellingen om ustanselig økonomisk vekst er i ferd med å slå sprekker. Den mister troverdigheten, fordi det blir stadig tydeligere at den bygger på en hensynsløs utnyttelse av natur og mennesker.

Kirkens samfunnsoppdrag

Vi trenger en ny fortelling om hvem vi er og hva slags verden vi lever i.

Og den kan kirken være med og skape. Faktisk kjenner vi den allerede, for den går som en rød tråd gjennom Bibelen. Lytt for eksempel til Marias lovsang i Lukas-evangeliets første kapittel, om Gud som støter herskere ned fra tronen og løfter opp de lave. Noe av kirkens samfunnsoppdrag er å bidra til å avsløre usanne fortellinger og ideologier - men enda mer: å være en kraft som skaper nye fortellinger, sannere fortellinger, ja, kirken må tale slik at mange kan kjenne at ja, dette er en fortelling som jeg vil være en del av, en fortelling om vennlighet mot mennesker og skaperverk. **Og sangen? Den ble ferdig til slutt. Tror jeg.** ●

Teksten har tidligere stått på trykk i Menighetsbladet for Ås, Nordby og Kroer nr. 2, 2016.



FOR SENT FOR STATUS QUO: I boken «This Changes Everything» viser Naomi Klein oss hvordan klimakrisen utfordrer oss til å oppgi tenkningen om det frie marked. Om vi ikke selv setter i verk radikale endringer, vil vi bli tvunget til å gjøre det, ikke av myndighetene, men av naturen selv.

Hører du klokkene?

TEKST OG MELODI: SINDRE SKEIE

Hører du klokkene? Noe tar slutt.
Makten som truer vår jord,
skal bli brutt.

Tidene skifter, og nå kan det skje.
Nå er det tid for å be:
Fred til hvert folk og hvert sted!

Mektige mennesker stjeler hvert år
rikdommer større enn noen forstår.
Skoger og elver og fjell sprenges bort.
Folk ser sin fremtid bli sort.
Alt skjer så nådeløst fort.

Ingen har krav på vår jord og vårt liv.
Ingen får røve vår kraft og vår tid.

Håpet må deles, for kampen blir lang,
ingen skal stjele din sang
eller ditt hjem og ditt fang.

Barnet som lå i en krybbe og sov,
kom med en fremmed og uventet lov:
Vi skulle dekke et bord på hvert sted.
Slik skulle alle få se
fremtidens rettferd og fred.


Klokkene varsler at noe blir til
når tusen folkeslag vet hva de vil:
Rettferd for oss og for dem som en gang
skal fylle jorden med sang
og ha sitt hjem i dens fang.

Ein framifrå prost

Ei av dei fyrste oppgåvene eg fekk som nytilsett i kyrkjelydsblada i Fana, var å intervju Per Barsnes. Dette er ti år sidan, og temaet var Gjønnestutvalets høyring om framtidig kyrkjeordning i Norge. «Kyrkja må framleis vere i, med og for folket» kommenterte Per Barsnes

med vakkert klingande (og noko normalt) nynorskdialekt, og avslørte seg allereie då som ein diplomatisk kyrkjeleiar med omtanke for at det skal vere rom for ulike syn. Han har vore ein framifrå prost.

TEKST OG FOTO: Magne Fonn Hafskor



TEK ALDRI FRI: – Batteria ladar eg gjennom gudstenesta, anten eg sjølv forettear eller berre sit i kyrkjebenken, gjennom mitt opne kultursyn og i samveret med vener og familie. Eg blir inspirert av å vera ilag med folk, seier Per Barsnes.

Det er ikkje like framifrå å få gjort ein intervjuavtale med den travle 70-åringen. Etter ein del fram og tilbake klarar me til slutt å einast om to korte føremiddagstimar inne på kontoret hans i Fana - før han skal vidare til ei avtale i Austevoll.

Eg svingar inn framom ei kyrkje med stor aktivitet, og kamp om parkeringsplassane. Det er konfirmasjon, og heile bygda er tilsynelatande samla i og utanfor kyrkja. Kven snakka om fallande vitjingstal?

Per Barsnes er allereie på plass på kontoret, og i full gang med å bla i gamle permar og trykksaker frå tida hans her. Nokon god vert kan eg ikkje sei at han er, det er tidleg på morgonen, og eg har enno ikkje fått meg kaffi. Eg får meg heller ikkje til å etterspørje det. Tanken på den kveikjande drykken kverv uansett heilt frå pannebrasken min når me set oss ned saman.

Prosten viser seg levande interessert i alt som rører seg i prostiet han har ansvaret for, og avbryt seg sjølv gong på gong med små og morosame anekdotar. « Dette må du ikkje skriva » åtvarar han kvar gong, samstundes som han ler kort og lyst.

Verdfulle impulsar

– Det har vore arbeidskrevjande år, med mange og store oppgåver, men eg har likt meg veldig godt her, opnar han, og legg til at Fana no er det mest folkerike prostiet i Bjørgvin, etter at heile søndre Bergen, samt Os og Austevoll, blei med.

– Eg finn det veldig inspirerande å kome ut til andre kulturar enn den urbane. Om Austevoll vert det sagt at dersom dei hadde truffe på Jesus medan han gjekk på sjøen, så ville dei sagt « flytt deg, me skal kaste garn her ». Det seier noko om oppdrifta.

– Austevoll sokn har få tilsette, men dei som er der, er svært oppegåande, og har mykje å tilføra oss.

– Eg likar tanken på å skape ei uro som tvingar fram ein medviten refleksjon.

– Os sokn er også kome med i prostiet?

– Ja, og dei er nesten som eit bysokn. Det at dei kom med i prostiet har gjeve verdfulle impulsar både til oss og dei.

Kongen kom

Då Barsnes kom til Fana i 1992, var tilhøva svært annleis enn i dag. Noko eige kontor var det ikkje snakk om; skrivearbeidet måtte utførast på eit eige rom i prestegarden, med ein skrivepult på deling mellom fleire.

– Noko måtte gjerast. Den fyrste oppgåva eg tok tak i, var difor å få etablert eit kyrkjelydssenter i Fana, fortel han.

Den ferske prosten fekk sett saka på kartet allereie hausten 1992, etter at det hadde vore bispevisitas (som blei strategisk utnytta), og fire år seinare kunne prost og kyrkjelydsstab i Fana flytta inn i nye kontor i det gamle bårhuset, som no var både ombygd og påbygd.

Ein ny milepæl kom i 2003, då Fana-kyrkja feira 850-årsjubileum. Kongen kom, det blei skrive eit eige jubileumsskrift om Fanakyrkjens historie, og høgskulelektor Knut Tærum fekk laga ein flott videopresentasjon av den flotte middelalderkyrkja. Feiringa tok til ved advent i 2002, og fylgde kyrkjeåret fram til advent i 2003.

Valfartsstad for pilegrimar

– Det var eit fantastisk år, hugsar han.

– Eg har mange gongar undra meg over Fanakyrkja. Den er rimeleg stor til å liggja så langt utanom bykjernen. Kanskje den har vore fylkeskyrkje. Me kjenner til at den har vore kongeleg kapell, og elva som deler kulturparken

i to er frå gamalt av grensa mellom Sunn- og Nordhordland.

Fanakyrkja er også ein gamal valfartsstad for pilegrimar, med eit hospital/hospits som hadde rom for både sjuke og ferdefolk. Namna som knyter seg til kyrkja reflekterer den delen av historia, slik som Krykkjehaugen, Korsneset og Korsfjorden.

– Her går sagn og realitet om einannan. I alterbordet den dag i dag er det eit merke der ein reknar med at den lækjande sølvkrossen har stått (sjå eiga sak nedst på side 13, journ. anm.).

Lange linjer

– Blir du audmjuk, med så mykje historie rundt deg?

– Det er klart. No ville forsynet det at avskjedsgudstenesta mi fell på apostel-dagen 26. juni. Då er det naturleg å sjå både bakover og framover. Tanken på alle som har gjort teneste i dette huset opp gjennom hundreåra gjer meg audmjuk. Men eg ser også for meg fanafolket, som har søkt og fylt benkane, og vore ein del av det liv som kyrkja har gitt rom for i over 860 år, seier han, legg hendene fromt fingertuppar mot fingertuppar, og ser ein augneblink opp mot taket.

– Så kan eg hengje på at kyrkjebygningen i sitt ytre er den sentrale skulpturen for tusenårsstaden Bergen, og i sitt indre ein tradisjonsberande formidlar av evangeliet, fortset han ivrig.

– Dersom du set passarspissen i sølvkrossen i toppen av tårnet og slår ein sirkel, så omfattar tusenårsstaden kyrkja og gravplassen, Fana kulturpark, prestegardshuset og alleen mellom prestegarden og kyrkja. Formannskapetets vedtak seier at tusenårsstaden er kulturlandskapet ved Fana kyrkje som heilskap.

Eit kulturberande ord

Orda regelrett renn ut av munnen på han, slik at eg får vanskar med å få alt

Fakta: Per Barsnes

- Født og oppvaksen i Sogndal.
- Gift, tre barn, to barnebarn.
- Under studietida var han klokkar og kyrkjetenar i Bakkehaugen kyrkje i Vestre Aker.
- 1976-77: Feltprest på Sessvollmoen.
- 1977-78: Residerande kapellan i Lavik prestegjeld, med kontor i Høyanger.
- 1978-92: Sokneprest i Gaular.
- Utneemd til prost i Fana 29.11 1991,

men fekk utsett tiltredelsen fram til sommaren 1992, så han kunne følgje Gaular-konfirmantane heilt fram til den store dagen deira.

- Har vore geistleg representant i Bjørgvin bispedømeråd og medlem av Kyrkjemøtet.
- Var med i prosjektgruppa som arbeidde fram fundamentet (og sat seinare som leiar i representantskapet i åtte år) for Kirkens bymisjon i Bergen.
- Har leia diakonitualet i Bjørgvin bispedømeråd.

- Per Barsnes har markert seg med sterkt engasjement for oppføring av kyrkjebygg på Bønes, i Blomsterdalen og i Sædalen, i tillegg til utviklinga av prosti- og menighetscenteret i Fana.
- Toneangjevande då kulturlandskapet rundt Fana kyrkje og prestegarden blei vald til 1000-årsstad for Bergen. For dette arbeidet fekk han Kulturprisen for Fana og Ytrebygda i 2006.
- Går av med pensjon 1. juli. Avskjedsgudstenesta vert halden i Fana kyrkje 26. juni klokka 18.

– Om Austevoll vert det sagt at dersom dei hadde truffe på Jesus medan han gjekk på sjøen, så ville dei sagt «flytt deg, me skal kaste garn her».

festen på papir. Løysinga ligg i eit gamalt indianartriks eg lærte meg tidleg i møte med ordakrobatar: Eg held opp handa, og ber han halde tanken, medan eg noterar hurtig. Om det då er eitt ord som glippar, er det lett å få det på nytt. Denne gongen var det «heilskap», eit nydeleg og kulturberande ord som er alt for lite nytta, men som for Per Barsnes nærast er ein leveregel.

– **Kyrkja du no forlet er i stor endring. Kva tenkjer du om tida den no går inn i?**

– Eg forlet ikkje kyrkja, eg vil framleis vere et medvite kyrkjemedlem. Mitt forhold til kyrkja ligg fast, byrjar han.

– Personleg har eg tru på at kyrkja kan vekse og utvikle seg på ein god og byggjande måte. Det er ei grunnhaldning som eg har likt å ha i heile mi teneste. Samtidig har eg kjent på at kyrkja står i fare for å bli byråkratisert. Eg er ikkje ueinig i at me må halde orden i papira, men det stel mykje tid. Slik sett er også kyrkja eit barn av vår tid.

Dei store kampsakene

– **Kyrkja har også brukt mykje tid på det som gjerne omtalast som «dei store kampsakene». Fryktar du at me går mot ei oppsplitta kyrkje?**

– Når det gjeld saka om likekjøna vigsel, så er utgangspunktet at det er to syn i kyrkja, svarar han, no i eit tempo der han gjev meg god tid til å få orda ned på blokka.

– Nokon melder seg ut, sidan dette er ei usemje dei ikkje kan leve med. På den andre sida er det ikkje naudsynt å endra standpunkt, sidan me no er samde om at me kan leve med begge syn. Det som har skjedd er eit uttrykk for det, her er det gjort rett og skil til to kantar.

– **Kanskje dette er prisen å betale for ei inkluderande folkekyrkje?**

– Ja. Men det er viktig at ingen skal tvingast til å utføre noko som står i strid med samvitet deira, samstundes som ingen som ynskjer likekjøna vigsel skal kunna nektast det.

Ole Brummsk vedtak

Ordninga då er slik at det er prostens oppgåve å finna ein prest som er open for å gjere det.

– Det er det eine. Det andre er at det skal vera to liturgiar, at me også tek vare på den me har no, med eit historisk syn på ekteskapet. Kyrkja har her fulgt Ole Brumm, og sagt «ja takk, begge delar».

– **Er du sjølv komfortabel med det?**

– Eg aksepterar at eg som prost er pålagt dette ansvaret som ein del av kyrkjemøtevedtaket.

– **Korleis er dette blitt motteke av prestane i Fana prosti?**

– Ikkje på anna måte enn at kompromisset har fått allmenn oppslutning, slik eg har oppfatta det. Eg opplever ikkje at dette er kontroversielt. Det

handlar om menneske. Dette er ei smerte både kyrkja og kyrkjas medlemmer har levd med lenge, utan at den har blitt feia under teppet. Biskopen har sagt at han ikkje kan sjå på denne saka aleine som kyrkjespilittande. Det er eg einig i.

Tida vil visa

– **For ikkje så mange år sidan var det stor strid om vigsling av kvinnelege prestar. Her kan ein vel trygt seie at gemytta har roa seg?**

– Ja, og den kampen var kanskje større, seier han, og peikar på ein liten bit av bibelsoga.

Ei tid etter Jesu død blei apostlane arresterte av di dei underviste folket, og blei ført fram for Israels eldsteråd, slik det går fram av kapittel fem i Apostelgjerningane. Farisearen Gamaliel tok då til orde for å handsame dei med varsemnd. «Dersom dette er menneskevilje og menneskeverk, blir det ingenting av det. Men er det av Gud, kan de ikkje stansa dei. Det kunne visa seg at de strider mot Gud», sa han (Apg. 5, 38-40).

– Sigeren ved det som no har skjedd, er at me får to liturgiar. Så får tida visa kva som er rett og galt her.

– **Kvar står du sjølv? Vil du kunne via likekjøna?**

– Eg står på den ordninga som no er

– **Eg vil framleis vere eit medvite kyrkjemedlem. Mitt forhold til kyrkja ligg fast.**

Kampen for kyrkjebygga

Kyrkjebygg er ein viktig reiskap i kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier Per Barsnes, som har vore svært aktiv opp mot bystyret for å vinna fram i kampen om nye gudshus.

I desse dagar er gleden stor over at både Sædalen kyrkje og tilbygget til Birkeland kyrkje no er inne på budsjettet. For sistnemnde er endåtil planane inne til godkjenning.

– Me utvikla tidleg ein klar strategi for å få bygd kyrkjer der det trengtes. Ikkje minst var me aktive opp mot bystyrevala, fortel Barsnes.

Når startskotet for valkampene gjekk, var Barsnes og hans allierte allereie tungt inne i partiprogramma, etter å ha levert innspel der dei minna partia på kva ansvar kommunen hadde ifylgje lovverket. Prostiet fekk lønn for strevet, og kunne gle seg over Fana prosti- og menighetssenter (1996), Bønes kyrkje (1997), Skjold kyrkje (1998), Sælen kyrkje (2001), Fana amfi-

teater, bygd i 2003 i høve Fanakyrkjas 850-årsjubileum, og Ytrebygda kyrkje (2012).

Fana prosti stod i mange år som arrangør av dei politiske folkemøta, som blei haldne veka før valet. Desse blei lagd til eit lokalmiljø der det skulle byggjast kyrkje, og så inviterte me samtidig alle sokna i Bergen til å delta og fremja sine saker. Under dei to siste bystyrevala har Fellesrådet stått som arrangør av folkemøta, men opplegget har vore det same. ●

YTREBYGDA: Arbeidskyrkja i Blomsterdalen er eitt av fire kyrkjebygg som er reist i tida Per Barsnes har vore prost i Fana.

FOTO: BERGEN.KIRKEN.NO



KRUSIFIKS MED LÆKJANDE KRAFT: Det rundt 600 år gamle krusifikset frå Fanakyrkja vert i dag teke vare på av Bergen museum. FOTO: OLAV DAHL

EIT GAMALT HUS: – Fanakyrkja er i sitt ytre den sentrale skulpturen for tusenårsstaden Bergen, og i sitt indre ein tradisjonsberande formidlar av evangeliet, seier Per Barsnes.

etablert, utan sjølv å vere klar for å utføre slik vigsel. Det er fint at vedtaket tek på alvor og erkjenner at også dei som ikkje finn det rett å vigsle likekjøna kan ha eit varmt engasjement for homofile. Kyrkjemøtevedtaket er i så måte eit positivt uttrykk for gjensidig respekt for ulike standpunkt.

Eit anna konfliktskapande tema er handsaminga av strauven av flyktningar inn til Europa. Her har kyrkja vore tydeleg på at dei skal møtast med omsorg og gjestfridom.

– **Er det riktig av kyrkja å engasjere seg i dette?**

– Det å ta vare på og vera open for innflyttarar handlar om respekt for menneskeverdet. Samstundes er det

viktig å få fram at samfunnet ikkje har ei grenselaus bereevne til å gje flyktningane den framtida dei søkjer. Stridens eple går på kor stor kapasiteten er, sett i høve til det som trengst. Dette vil alltid vera ein balansegang. Dersom ein tek på seg oppgåver utover evne, kan det føra til utilsikta krenking. Kyrkja, som etisk forkynnar, representerar eit uromoment i flykningesaka. Då er det viktig at me er utfordrande, og krev ei god etisk grunngjeving for dei konklusjonar som blir trekte.

– **Nokre vil hevde at dette syner at kyrkja er gjennomsyra av sosialisme.**

– Slike utsegner er demagogi. Det at kyrkja tek sterkt i og hevar røysta, kan

vera ein måte å bli høyrd på. Det ligg eit etisk alvor her som ein ikkje bør ta for lett på.

– **Kampen for å ta vare på skaparverket er vel ein del av det same?**

– Ja, og der har du også denne balansen mellom det å forvalte og det å forbruke. Skaparverket er ei Guds gåve til oss menneske, ei gåve som me skal forvalte til alles beste. Her ligg det ein dialektikk eg trur me aldri blir ferdig med. Eg likar tanken på å skape ei uro som tvingar fram ein medviten refleksjon. Dei som er engasjert i samfunnsdebatten, er også kyrkje-medlemer. Då er det viktig å ha arenaer for dette. ●



Sølvkrossen frå Korsneset

Eit sagn fortel korleis to brødre, den eine av dei blind, fiska opp ein sølvkross utanfor staden som seinare fekk namnet Korsneset

Då den blinde rørde ved krossen, blei augene hans lækte og han kunne sjå.

Dei brakte krossen til kyrkja, der den fekk ry på seg for å ha lækjande kraft. Sjuke valfarta til kyrkja, og mange av dei kasta krykkjene på det som i dag heiter Krykkjehaugen før dei tok på heimveg igjen. Presten Peder Simenssen skal soleis i 1546 ha brent seks lass med krykkjer og stavar.

Etter reformasjonen forlangte Tord Roed, lensherren på Bergenhus, at krossen skulle takast vekk. Båten som skulle frakta den kom ikkje langt. Like ved Kvarven på Laksevåg gjekk den lekk og sank til botn. Der ligg kanskje krossen framleis, heilt til nok ein blind fiskar får den på kroken. ●



Dialog om ulik tro

16 forfattere med ulik teologisk og kirkelig bakgrunn reflekterer over erfaringer med dialogarbeid og religionsmøter i den nye boken «Dialogteologi på norsk».


Bokens redaktør, Anne Hege Grung, er opptatt av at dialog er langt mer enn den offisielle samtalen mellom representanter for trossamfunn.

– I nabolaget og andre steder folk møtes, der snakker man sammen. Det er mennesker man har dialog med. Man driver ikke først og fremst forhandlinger i en dialog. Å bygge relasjoner og skape forståelse på tvers, er en viktig verdi, sier hun til Vårt Land.

Hun mener det er viktig med en teologi for dialog av flere årsaker.

– Det er viktig med en begrunnelse for dialog. Det finner vi også ved å diskutere vår egen praksis ut fra Bibelen, og vår egen tradisjon og teologi. I boken tar vi også opp tradisjonelle teologiske spørsmål som frelse, sannhet og åpenhet.

«Dialogteologi på norsk» er gitt ut på Verbum forlag. Anne Hege Grung, førsteamanuensis ved Det praktisk-teologiske seminar i Oslo, er redaktør og har skrevet to bidrag. Beate Fagerli, Sven Thore Kloster og Line Marie Onsrud er de andre redaktørene. ●



BOK OM TROSDIALOG: Totalt 12 forfattere bidrar med refleksjoner over sine erfaringer fra dialog.

Menighetsbladene i Fana søker drivende god annonseselger!

Bladet du nå holder i hendene er et resultat av samarbeidet mellom syv menigheter i Fana Prosti; Birkeland, Bønes, Fana, Skjold, Slettebakken, Storetveit og Søreide.

Fem ganger i året samarbeider disse om å lage menighetsbladene. Innholdet i bladet er todelt: 16 sider er «fellesdelen» - som er lik for alle bladene. De resterende åtte sidene er lokalstoff for hver enkelt menighet.

Det er store utgifter forbundet med å gi ut menighetsbladene, og annonseinntekter er viktig for å sikre drift av bladene.

Vi søker derfor en person som kan tenke seg å selge annonser til fellesdelen av bladet på provisjonsbasis.

Ta kontakt med Tove Elin Nygaard på e-post to-eli-n@online.no hvis dette er noe for deg!

500 år siden Luthers



STARTET REFORMASJONEN: Startpunktet for reformasjonen oppgis tradisjonelt som 31. oktober 1517, som var dagen da Martin Luther, ifølge tradisjonen, spikret sine 95 diskusjonsteser mot avlatspraksisen opp på kirkedøren i Wittenberg.


OLJEMALERI AV LUCAS CRANACH DEN ELDRE

Siste bind av koralboka er ferdig

Nå foreligger bind 3 av Norsk koralbok 2013, som dekker 900-numrene i Norsk salmebok 2013. Dermed er det omfattende prosjektet Norsk salmebok 2013 fullført.

Bind 3 inneholder menighetsomkved, vers fra Salmenes bok og melodier. Omkvedene er de som finnes i N13 på nummer 900-977. Versene er avsnittene i tekststrekke for bibelske salmer, som Kirkemøtet 2014 har vedtatt. Musikken er alt fra gregorianske hymner til nykomponerte melodier.

Det nye bindet vil sette menighetene i stand til å kunne bruke bibelsk salme gjennom hele kirkeåret. Omkvedene synges av menigheten. Til versene er det korsats, men de kan også synges unisont av én eller flere forsangere. Korsatsene vil også foreligge i enkle og rimelige hefter, som er lette å holde for forsanger og korsangere. ●



MÅ FORELIGGE: Koralbokbindet hører til materialet som er autorisert av Kirkemøtet, og skal finnes i alle kirker som har innført Norsk salmebok 2013. FOTO: EIDE FORLAG

95 teser

Reformasjonsdagen er ikke før 31. oktober 2017, men arbeidet med markeringen er godt i gang.

Den norske kirke og Norges kristne råd har gått sammen om å lage et informasjonsnettsted for markeringen av at det til neste år er 500 år siden starten på reformasjonen. Nettstedet www.reformasjon2017.no vil informere om sentrale arrangementer, så vel som arrangementer som bispedømmer, ulike kirkesamfunn, organisasjoner, kulturinstitusjoner og læresteder står bak.

